



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

KVINNHHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Vår dato: 01.02.2023

Vår ref.: 202220456-2 Oppgi ved kontakt

Saksbehandlar:

Silje Aakre Solheim

saas@nve.no

Dykkar ref.:

Mellombels løyve til senking av vasstand i Bjørkedalsdammen, Kvinnherad kommune i Vestland

Vi syner til søknad frå dykk av 26.10.2022 om løyve til mellombels å senke vasstanden i Bjørkedalsdammen.

Om søknaden

Kvinnherad kommune opplyser om at vasstand i Bjørkedalsdammen vart senka mellombels i 2019 av omsyn til sikkerheit. Ved ein feil vart ikkje dette søkt om til NVE før tiltaket vart gjennomført og dei søker difor no i etterkant om mellombels løyve etter vassressurslova § 8. Dammen er plassert i konsekvensklasse 1.

Ein rapport frå Norconsult i 2016 viste at dammen ikkje tilfredsstilte damforskrifta sine krav til sikkerheit. Det vart vurdert ulike alternativ og kommunen vurderte den gongen nedlegging av dammen som det beste alternativet. Den 10.11.2017 vurderte NVE at den planlagde nedlegginga ikkje trengte løyve etter vassressurslova.

Eit periodisk tilsyn i 2019 viste ei forverring av sikkerheitssituasjonen ved dammen og VTA vurderte at dammen straks måtte tømmast. Dammen har sidan då vore tappa ned slik at det berre renn ein bekk gjennom magasinet.

Engasjement frå allmennheita lokalt har ført til at ein likevel vil sjå på moglegheit for å oppgradere dammen i staden for å legge den ned. Det er difor avgjort at det skal lagast ein teknisk plan for forsterking og oppgradering, slik at ein får meir informasjon om kostandar og konsekvensar av å sette dammen i stand. Dette skal gi eit betre grunnlag for ei politisk avgjerd. Bildet nedanfor er henta frå søknaden og viser korleis magasinet ser ut i nedtappa tilstand.



Figur 1: Foto av Bjørkedalsdammen i nedtappa tilstand. Bildet er henta frå søknaden

Endeleg framdriftsplan for arbeidet med oppgradering av dammen er ikkje klar. Kommunen reknar med at teknisk plan kan utarbeidast og sendast til NVE for godkjenning i løpet av 2023. Arbeidet med å oppgradere dammen vil då truleg kunne gjennomførast i 2024. Når dette arbeidet er avslutta vil dammen kunne fyllast opp att.

Det er søkt om å halde magasinet tomt til oppgradering av dammen er gjennomført.

Høyring

Saka har ikkje vore sendt på høyring. Søknaden gjeld eit mellombels tiltak og med informasjon frå søknad og høyringsuttalar gjeve i samband med konsesjonspliktavurdering av nedlegging av same dam i 2017 meiner vi saka er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan fatte vedtak.

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til avvik frå normal vasstand i medhald av vassressurslova § 8.

NVE behandlar i dette tilfellet berre sjølve senkinga av vasstand i Bjørkedalsdammen. Eventuell nødvendig infrastruktur eller andre arealinngrep må kommunen sjølv avklare.

Damsikkerheit

Bjørkedalsdammen er plassert i konsekvensklasse 1. Revurdering har vist at dammen ikkje tilfredsstiller krav til sikkerheit etter damsikkerheitsforskrifta og det er difor nødvendig å gjere tiltak. Tidlegare var det planlagt å legge ned dammen, men lokalt engasjement har ført til at kommunen ønskjer å vurdere ei rehabilitering på ny. På grunn av sikkerheit er dammen tappa heilt ned og det er nødvendig å halde dammen nedtappa til dammen ev. er rehabilitert.

Damsikkerheit har høg grad av samfunnsnytte, og rehabilitering eller fjerning av denne dammen er heilt nødvendig for at den skal vere trygg for tredjepart.



Hydrologi

Det renn i dag berre ein bekk gjennom magasinet. Det står ikkje noko i søknaden om korleis magasinet vart tømt, men NVE går ut i frå at vatn no renn fritt gjennom ei luke i botn av dammen. Bekk nedstraums dammen vil såleis ha ei naturleg vassføring.

Det er skrive i søknaden at det ikkje er gjort berekningar på kor lang tid det vil ta å fylle opp dammen, men at det med normalt tilsig truleg vil gå raskt. NVE er einig i denne vurderinga sidan magasinet er lite og ligg i eit område med normalt mykje nedbør.

Landskap og brukarinteresser

Alternativet til rehabilitering av dammen er å legge den ned, noko som ville føre til ei permanent tørrlegging av magasinet. Dette var opphavleg planen til kommunen, men etter mykje lokalt engasjement har dei bestemt seg for å vurdere på nytt om dammen kan settast i stand. Fram til dette er avklart må magasinet vere tomt for å tilfredsstille krav til sikkerheit. Medan magasinet er tomt vil det vere som eit skjemma sår i landskapet og truleg opplevast negativt for eventuelle brukarar av området til friluftsliv og rekreasjon. Dette er ei mellombels ulempe og NVE meiner den kan akseptast med tanke på at føremålet er damsikkerheit.

Naturmangfald

Søk i artskart og naturbase den 25.1.2023 viser ikkje registreringar av raudlista artar eller viktige naturtypar som kan bli påverka av tiltaket. Heller ikkje høyringsuttalane i samband med behandling av melding om nedlegging tyda på at tørrlegging av magasinet ville påverke viktig naturmangfald. NVE kjenner ikkje til om det var ål eller anna fisk i dammen, men vi reknar med at nedtappinga vart gjort på ein slik måte at desse ev. kunne komme seg til trygt vatn. NVE meiner at vurderingane er i samsvar med dei prinsippa i naturmangfaldlova som skal ivaretakast når det vert gjort vedtak, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. NVE vil i den anledning påpeike at tiltaket er midlertidig. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Oppsummering

Kvinnherad kommune har tømt magasinet bak Bjørkedalsdammen på grunn av sikkerheit. Ved ein feil vart det ikkje søkt til NVE i forkant av tiltaket og det vert difor no søkt i etterkant. Magasinet skal vere tomt fram til kommunen har avgjort om dei skal rehabiliterer dammen og dette ev. er utført. Alternativet til rehabilitering er å legge ned dammen. NVE har tidlegare vurdert at å legge ned dammen ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova. Sidan dette er eit mellombels tiltak kan ikkje NVE sjå at det skal føre til urimelege ulemper for allmenne interesser.

Konklusjon

NVE gjev løyve til at Kvinnherad kommune kan halde magasinet bak Bjørkedalsdammen tomt frå 1.2.2023 til 31.12.2024. Løyve er gitt i medhald av vassressurslova § 8.



Løyvet blir gjeve på desse vilkåra:

- Perioden med tomt magasin må gjerast så kort som mogleg. Oppfylling til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Det skal skiltast på staden om kvifor og kor lenge magasinet skal vere tappa ned.
- Ved brot på dei fastsette reglane gitt i lova eller i medhald av lova pliktar konsesjonæren etter krav frå NVE å bringe forholda i lovleg orden. NVE kan fastsette tvangsmulkt ved brot på reglane i konsesjonen eller andre reglar med heimel i lov.
- NVE føreset at Kvinnherad kommune har ordna dei privatrettslege tilhøva som eventuelt måtte bli skadelidande som en følgje av tiltaket.

Om klage og klagerett

Sjå vedlegg om rett til å klage.

Med helsing

Inga Nordberg
direktør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

KVINNHERAD KOMMUNE

Kopimottakarliste:

Ole Dan Lundekvam
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.